



KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 12.09.2016

Stad: Møterommet, Masfjorden kommunehus

Kl.: 09.15 – 10.30

Tilstade: Birger Wergeland (vara for Arthur Sjursen) og Wenche Dåe (medlem)

Innkalla:

Revisjon: Reidar Bjørsvik og Ragnhild Kartveit Høyland

sekretær: Tonje Husum Aarland

Forfall: Arthur Sjursen (leiar) og Bjarte Kvinge Tvedt (nestleiar)

20/16 Plan for selskapskontroll

Saksvedlegg: «Plan for selskapskontroll 2016 – 2019»

Heimelen for selskapskontroll følgjer av kommunelova (koml.) § 77 nr. 5, som seier at kontrollutvalet skal «*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m.*», jf. tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 13 andre ledd skal det «*minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.*». Tredje ledd fastsett at kommunestyret vedtar planen.

Kontrollutvalet gjennomgjekk oversikten over selskap heil- eller deleigd av Masfjorden kommune og gjorde ei vurdering av kva selskap som er hensiktsmessig å utføra selskapskontrollar i.

Samrøystes vedtak:

I denne planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

- Enekvane AS (eigarandel i kommunen 100%)

Planen byggjar på kontrollutvalet si vurdering av kva selskap det er hensiktsmessig å utføra selskapskontrollar i og deira prioriteringar av dette.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

I denne planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

- Enekvane AS (eigarandel i kommunen 100%)


Planen for selskapskontroll kan reviderast etter behov i løpet av perioden.

Neste møte i kontrollutvalet er 2. november 2016 kl. 09.15.

Masfjorden, 12.09.16


Birger Wergeland
Birger Wergeland/våra for Arthur Sjursen


Wenche Dåe
Wenche Dåe/medlem


Tonje Husum Aarland
Tonje Husum Aarland/sekretær

MASFJORDEN KOMMUNE

Plan for selskapskontroll 2016-2019

12.08.2016

Bakgrunn

Kommunesektoren har sidan slutten av 90-talet vore prega av ei auka fragmentering der delar av verksemda har blitt skilt ut i føretak, interkommunale samarbeid, interkommunale selskap, aksjeselskap o.l., og ofte i form av eigne rettssubjekt utanfor kommunelova sine rammer. Val av organisasjonsform legg rammene for kommunestyret sine styringsmøglegheiter overfor fristilte selskap, ettersom disse har eigne selskapsorgan og er regulert av særskilt lovgleving, som bl.a. fastsett forholdet mellom eigarane (kommunen) og selskapsorgana. Dette medfører utfordringar når det gjeld demokratisk, folkevalt styring og kontroll av verksemder. Eigarstyring og selskapskontroll er kommunesektoren sine verktøy for å møta disse utfordringane.

Innhaldet i selskapskontrollen

Heimelen for selskapskontroll følgjer av kommunelova (koml.) § 77 nr. 5, som seier at kontrollutvalet skal ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m.*”, jf. tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 13 andre ledd skal det ”*minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.*” Tredje ledd fastsett at kommunestyret vedtar planen.

Kontrollutvalforskrifta § 13 må også sjåast i samanheng med koml. § 80, som direkte regulerer innsynsretten til kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen i selskapa, som er fullt eigm – direkte eller indirekte – av kommunar/fylkeskommunar. Følgjande figur syner selskapskontrollen sitt omfang og innhald.



Figur: Selskapskontroll – overordna skisse

Selskapskontroll kan delast i to delar, eigarskapskontroll (obligatorisk) og forvaltningsrevisjon (frivillig). Eigarskapskontrollen kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariat, kommunen sin revisor eller andre som kontrollutvalet sjølv måtte velja. Forvaltningsrevisjon skal utførast i samsvar til kap. 3 i forskrift om revisjon og i samsvar til god kommunal revisjonsskikk, og den må utførast av ein kvalifisert og uavhengig revisor.

Selskapskontrollen omfattar både heileigde og deleigde selskap, her inngår også selskap med private eigarar. På grunn av at innsynsretten etter § 80 er avgrensa til heileigde, kommunale selskap, vil det være forskjellar med omsyn til korleis selskapskontrollen kan utførast i heileigde kontra deleigde selskap.

Formålet med selskapskontrollen

Selskapskontrollen er eit middel for å ha tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i høve til kommunestyret sine vedtak og føresetnadar og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Formålet med *eigarskapskontrollen* er å kontrollera om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, utøver myndigheta slik det er fastsett i den aktuelle verksemdslova samt ivaretake kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. Eigarskapskontrollen er avgrensa til ei vurdering av om eigaren har etablert tilfredsstillande rammer for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette, om ikkje anna er avtalt mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, då innsynsretten etter § 80 ikke gjeld. Formålet med *forvaltningsrevisjonen* vil være å gjennomføra systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar av kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. Ein slik revisjon vil dermed ha fokus på sjølve aktiviteten og resultatet i selskapet.

Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Gjennomføring

Kontrollutvalet vurderer årleg omfanget av selskapskontollar og kva kontollar som skal gjennomførast med utgangspunkt i plan for selskapskontroll. I den grad det er vurdert som nødvendig, kan kontrollutvalet be om innsyn i relevante dokument. Kontrollutvalet kan gjera endringar i planen, dersom føresetnadane endrar seg.

Selskapskontrollen vert gjennomført av revisjonen, sekretariatet (eigarskapskontroll) eller andre som kontrollutvalet bestemmer.

Kontollar i selskap som har fleire eigarkommunar bør i den grad det er mogleg, koordinerast.

Rapportering

Rapport etter gjennomført selskapskontroll vert sendt frå den som har utført kontrollen, til kontrollutvalet. Etter kontrollutvalet si handsaming vert rapporten sendt til kommunestyret¹.

¹ Oversendelse av rapport etter gjennomført selskapskontroll til kommunestyret er ikke obligatorisk, men er anbefalt som god praksis.

Kontrollutvalet rapporterer om gjennomførte selskapskontollar og resultatet av disse i årsmeldinga si, som vert lagt fram for kommunestyret. Dersom kontrollutvalet har gjort endringar i plan for selskapskontroll, jf. punktet om "Gjennomføring", som nemnt ovanfor, skal dette kome fram i årsmeldinga.

Prioriteringar i denne planperioden

Generelt

På side 4 er det lista opp selskap som kommunen har eigarinteresser i, både heileigde og deleigde. Ved prioritering av selskapskontroll kan følgjande kriterier være relevante i samband med ein risiko- og vesentlegheitsvurdering:

- Selskapet sitt tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
- Selskapet sitt samfunnsmessige ansvar
- Kommunen sine eigarandelar
- Økonomisk gevinst- og tapspotensial
- Kommunen sitt motiv for eigarskapet

Prioritering av selskapskontroller

Nedanfor er ei oversikt over selskap ut frå dei opplysningane som føreligg. Der det er fleire kommunar som har eigarinteresser i same selskapa, bør gjennomføringa av kontrollar i disse selskapa som hovudregel koordinerast.

I NGIR vart det gjennomført eigarkontroll for alle eigarkommunane i 2009. Utover dette har det ikkje vore utført eigarskapskontroll av selskap kommunen har eigarinteresser i dei siste planperiodane.

Oversikt over Masfjorden kommune sitt eigarskap i selskap:

Informasjonen i oversikta er henta frå kommunen sin årsrekneskap for 2015 og supplert med opplysningar i Brønnøysundregistra.

Aksjeselskap (AS)

BKK AS eigardel 0,1%

Nordhordland Industriservice AS (i 2016 fusjonert med MAKS-NIS AS)

AS Masfjordbygg eigardel 40% iflg Brønnøysund, i rekneskap 2015 55%.

Einekavane AS eigardel 100%

Stordalen Skisenter AS eigardel 50%

Gulen og Masfjorden Utvikling AS eigardel 21,54%

Vest-Expo AS 6 aksjer

Interkommunale selskap (IKS)

Helsehuset IKS eigardel 5,4%

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS eigardel 5,7%

Nordhordland Utviklingsselskap IKS eigardel 4,18%

Nordhordland Revisjon IKS eigarandel 6,5%

Andre

Biblioteksentralen eigardel 0,026%

KLP Eigenkapital

Norsk skjemaforlag 1 aksje